

**Fra:** Tore Skjæveland  
**Sendt:** 14. desember 2018 16:31  
**Til:** KR-Postmottak  
**Emne:** Høyrings svar frå Bjørgvin bispedømeråd: Reglar for val av Kyrkjeråd

Bjørgvin bispedømeråd vedtok fylgjande høyrings svar på sitt møte 14. desember 2018:

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høve til å gje høyring til reglar for val av Kyrkjeråd.

(1.) Ein er samd i dei vurderingane som er gjort i innleiinga av høyringsnotatet om dei ulike omsyn som må vegast mot kvarandre. Bjørgvin bispedømeråd støttar målsetjinga om at det skal vera minst 40% av kvart kjønn og minst 20% under 30 år i råd og utval og prinsippet om at mindretalet skal vera representert i dei styrande organ slik at dei avspeglar breidda i Den norske kyrkja. Når det no har vore, og ser ut til å bli, listeval til Kyrkjemøtet er forholdsval til Kyrkjerådet den naturlege valordninga. Høyringsnotatet seier også at dette er den valordninga som etter Kyrkjerådet si meining gjev den beste representasjon av Kyrkjemøtet sitt mindretal i Kyrkjerådet. Ei valordning bygd på dette prinsippet hadde difor vore å foreterekka. Det har ein vald å ikkje fremja i denne omgang.

(3.) Bjørgvin bispedømeråd støttar framlegget om å vidareføra dagens ordning for val av leiar til Kyrkjerådet.

(4.) Av dei to alternativa til val av medlemmer vil Bjørgvin bispedømeråd gå for Alternativ 2 slik det står. Dette alternativet har ein valomgang meir enn Alternativ 1, men det vil gje Kyrkjemøtet betre høve til å ta vare på si målsetjinga om at det skal vera minst 40% av kvart kjønn og minst 20% under 30 år i råd og utval, og prinsippet om at mindretalet skal vera representert i dei styrande organ slik at dei avspeglar breidda i Den norske kyrkja.

(5.) Bjørgvin bispedømeråd støttar at ein vidarefører ei valordning der dei av kandidatane som får nest mest stemmer vert vald som varamedlemmer.

(6.) Når det gjeld nominering av kandidatar støttar Bjørgvin bispedømeråd at dagens ordning vert vidareført ved at alle prestar (11) i Kyrkjemøtet er kandidatar til dei 4 medlemene og 4 varamedlemmen som skal veljast og at valkomiteen set opp 3 av dei leke kyrkjeleg tilsette i Kyrkjemøtet som kandidatar til 1 medlem og 1 varamedlem.

Bjørgvin bispedømeråd støttar framlegget om å vidareføra dagens ordning der valkomiteen er nominasjonskomite ved nyval i perioden.

(7.) Bjørgvin bispedømeråd støttar framlegget om å vidareføra dei noverande føresegner slik Kyrkjerådet gjer framlegg om

-----

Høyrings svaret vart samrøystes vedtatt